



Valle kommune

Årsplan for barnehagane i Valle kommune 24/25



Setesdal regionråd



Innhald

Innleiing	2
Nettverk Setesdal Oppvekst	4
Mål og satsingar for barnehagane i kommunen	3
Om barnehagen	5
Barnehagens formål og innhald	8
Å ivareta barns behov for omsorg	8
Å ivareta barns behov for leik.....	8
Fremje danning.....	9
Fremje læring.....	10
Fremje vennskap og fellesskap.....	10
Fremje kommunikasjon og språk	10
Barns medverknad	12
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	12
Overgangar.....	14
Arbeidsmåttane til barnehagen og progresjon.....	16
Progresjon i arbeid med omsorg, leik, danning, læring, digitale praksis og fagområda	17
Fagområde	19
Barnehagen som pedagogisk verksemd - Planlegging, vurdering og dokumentasjon	22
Kalendar	23

Innleiing

Med heimel i barnehagelova og forskrifta om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver skal barnehagen utarbeide ein årsplan:

«I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivnadene til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeide, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt.. Det skal óg kome fram korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen». (Frå rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver kapittel 7. Barnehagen som pedagogisk verksemd, side 37-40)

Mal for årsplan for barnehagar i Setesdal er til bruk for alle kommunale barnehagar i regionen. Det er tilrådd at ikkje-kommunale barnehagar brukar malen.

Mål med felles mal for årsplan for barnehagar i Setesdal er

- Å sikre alle barn eit barnehagetilbod av høg kvalitet
- Å auke kvaliteten i barnehagane
- Styrke barnehagen som læringsarena
- Å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen

Årsplan med progresjonsplan gir informasjon om dei overordna måla i barnehagelova og tiltaka barnehagen har for å nå desse. Personalet i barnehagen nyttar årsplanen som eit arbeidsdokument. Barnehagane utarbeider detaljerte planar som viser korleis barnehagen arbeider konkret med tiltaka som er fastsett i årsplanen.

Styringsdokument:

- Lov om barnehage
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
- Vedtekter til barnehagen

Foreldre skal gjennom planane få eit godt innblikk i barnehagen sitt arbeid, og kunna sjå ein klar samanheng mellom føringane som ligg i rammeplanen og innhaldet i årsplanen til barnehagen.

Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplanen til barnehagen.

Nettverk Setesdal Oppvekst

Nettverk Setesdal oppvekst er eit kollegie- og fagsamarbeid forankra i kommunedirektørutvalet i Setesdal. Kommunar som deltek i nettverket er Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral.

Nettverket har ansvar for drift av

- styrarkollegiet i Setesdal
- rektorkollegiet i Setesdal
- møter med rektorar ungdomsskular og vidaregåande skuler i Setesdal

Formål er kompetanseheving, kunnskapsutvikling, erfaringsdeling og lærande nettverk.

I styrarkollegiet deltek styrarar frå alle barnehagane og barnehagemyndigheit i kommunane i Setesdal. Styrarkollegiet har møte 1 gong haust og 1 gong vår.

Innhald i møta er

- Oppfølging av nasjonale føringar, regelverk og satsingar på barnehageområdet
 - korleis gripe nye nasjonale føringar – samanheng med eksisterande satsingar i barnehagen og vidareutvikling av barnehagen
 - Arbeid med implementering av rammeplan for barnehagen innhald og oppgåver
- Erfaringsdeling – dele erfaringar frå arbeid med oppfølging av nasjonale føringar, implementering av rammeplan for barnehagen og arbeid med barnehagebasert kompetanseutvikling.
- Lærande nettverk – profesjonssamarbeid (Knut Roald).

Mål og satsingar for barnehagane i kommunen

Mål for barnehagane i kommunen

- Barnehageplass med kvalifisert tilbod til alle
- Barnehagen skal være ein lærande organisasjon som skal bidra til tidleg innsats og sosial utjamning.
- Barnehagen skal ha ei stabil og berekraftig drift
- Fornøgde brukarar

Satsingsområde

- Inkluderande miljø for omsorg, leik , læring og danning
- Språkarbeid
- Temaplan med felles tema for alle avdelingar
- Sikre eit godt likeverdig tilbod til alle barn i kommunen

Tiltak:

- Styrarnettverk
- Kompetanseheving
- Plan for samarbeid barnehage skule
- Nettverk mellom oppvekst Valle og oppvekst Bykle
- Arbeide i arbeidsgruppe med tillitsvalte og verneombod for å sikre berekraftig drift
- Kontinuerleg refleksjon over egen praksis

Om barnehagen

Valle kommune har to kommunale barnehagar, Hylestad barnehage og Valle barnehage. I kommunen bur det ca. 1200 innbyggjarar. Opningstida for barnehagane er 07.00 – 16.00.

Hylestad barnehage har ei barnegruppe på 33 barn fordelt på to avdelingar

- Attistog er ei småbarnsavdeling
- Systog er ei storbarnsavdeling

Valle barnehage har ei barnegruppe på 48 barn fordelt på tre avdelingar

- Lislestog er ei småbarnsavdeling
- Nyestog er ei småbarnsavdeling
- Gamlestog er ei storbarnsavdeling

Barnehagen sine fokusområder

- Temaarbeid
- Prosjektarbeid
- READ- Agder
- Snakke med barn
- Kompetanseløftet (REKOMP) i samarbeid med UIA
- Inkluderingsarbeid
- Arbeid med gode matvanar og næringsrike måltid, i tråd med retningslinjane for mat og måltid i barnehagen
- Foreldreinspirasjon

Read Agder

READ Agder er eit samarbeid mellom kommunene i Agder med prosjektmidler frå Sørlandets Kompetansefond, Sparebankstiftelsen Sparebanken Sør, Agder fylkeskommune og Statsforvalteren i Agder.

Formålet med READ Agder er å gje økt leseglede blant barn og unge, og støtte foreldres involvering i barnas lesing. Foreldres aktive involvering har stor betydning for barnets utvikling, trivsel og læring.

Kompetanseløftet (Rekomp)

Sikre felles kunnskapsgrunnlag om inkluderande læringsmiljø og praksis i PPT, barnehage, grunnskule og SFO Sikre tidleg identifisering av og støtte til barn og unge med behov for tidleg intervensjon for å førebyggje og handtere evt. utfordringar tidleg. Iverksette tiltak/aktivitet og program (verktøy) som fremjar sosial inkludering og utviklar eit støttande fellesskap- trygt og godt læringsmiljø Etablere rutine for samarbeid med foreldre, barnehage, skule, PPT, helse og andre relevante aktørar for å sikre målretta arbeid i laget kring barnet og støtte ulike behov. Kompetanseheving av alle tilsette i samarbeid med Bykle kommune og UIA.

Prosjektarbeid:

Barnehagen vil fortsetje med å arbeide med prosjektbasert læring i lag med barna. Prosjektet si form og innhald blir til undervegs og barna tek stor del i utforminga og prosjektet si retning. Prosjektarbeid er knytta til eit arbeid med eit tema eller eit fenomen der hensikten er å skape ein arena for utforsking, fordyping og forståelse. I prosjektarbeid har barnet sin nysgjerrigheit og medvikning ein sentral plass, og barns lyst til å undersøke og utforske skal ha betydning for pedagogiske val. Prosjektarbeid er og eit prosessorientert arbeid som ikkje nødvendigvis har ein begynnelse eller ein slutt, men som handlar om å fylje dynamikken som oppstår mellom barna og temaet eller fenomenet barna er opptatt av. Det er ein nær samanheng mellom dei vaksne og barna sine handlingar og læring, og desse er gjensidig avhengige av kvarandre. Barn kan oppdage noko som dei blir opptatt av, noko utanfor dei sjølve, noko som samlar dei. Det oppstår ein møteplass. Nokon gonger utløyser slike møteplassar fysisk aktivitet, andre gonger leik, nokon gonger refleksjon, andre gonger glede og humor. Ofte blandast alt dette saman. Det taktile løyser ut tankar, tankane løyser ut lysten til å undersøke, utforskinga løyser ut erfaringar og kompetanse.

Foreldreinspirasjon

Barnehagane er med på Foreldrefestivalen som er ei ny satsing i Valle kommune. Denne finn stad i veke 38.

I etterkant av Foreldrefestivalen vil Valle kommune gjennomføre samlingar for alle foreldre barnehagane der fokus er korleis trygg tilknytting mellom foreldre og barn bidreg til å byggje sunne relasjonar og god psykisk helse hos barna

Barnehagens visjon: Det er godt å være meg!

Me vil møte barnet sitt behov for omsorg og tryggleik. Barna skal oppleve at dei får vere ein del av fellesskapet i barnehagen og at dei har ein kvardag som er prega av trivsel, vennskap og leik.

Barnehagens verdigrunnlag:

Barn og barndom:

Barndommen er min! I barnehagen skal barna få lov til å utforske sjølv utan å bli for mye styrt. Alle barna skal oppleve å bli verdsatt for den dei er, støttes av personalet for å sikre ein god barndom preget av trivsel, vennskap og lek. Me skal sjå kvart enkelt barn og legge

forholde til rette så barna kan oppleve gode relasjonar. Dei vaksne har barnas beste som grunnleggande omsyn, og barna skal bli møtt som enkeltindivid, samstundes som dei får opplevingar i fellesskap med andre. Det er i barndommen barna utforskar og lærer i samspill med andre, spesielt i leik, på deira initiativ og premisser. Her lærer dei seg sosial kompetanse, dei får sjølvtilitt, eit godt sjølvbilde, dei dannar vennskap, de øver opp omsorg for sine medmenneske og naturen, og auke empati Barn må ha rett til sin barndom, og rett til å være barn. Me ynskjer å verne om den viktigaste tida i eit menneskes liv — barndommen.

Demokrati:

Vår barnehage skal vere eit sted som fremjar demokrati, at barna få vere i eit inkluderande fellesskap kor dei får anledning til å ytre seg, bli høyrd og få delta. Barna skal bli møtt som eit sjølvstendig menneske. Uavhengig av alder og forutsetningar skal deira stemme bli lytta til. Me skal sørge for at barnas erfaringar og synspunkt får innflytelse på det som skjer i barnehagen.

Mangfald og gjensidig respekt:

Barnehagen skal være eit sted som fremjar vennskap og fellesskap. Barna skal oppleve å vere ein betydningsfull person i fellesskapet. Barnehagen skal vere preget av openheit og rausheit der mangfald nyttas som en ressurs. Alle barna skal få oppleve å føle seg sett og anerkjent ved at personalet møter barna og arbeidar for å inkludere den enkelte i fellesskapet. Det enkeltes barnets plass og verdi i fellesskapet blir synleggjort ved at alle barn får same fokus. Me skal synleggjere det kulturelle fellesskapet og barna skal få rom for eiga kulturskaping

Likestilling og likeverd:

Barnehagen skal motvirke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik ved å arbeid aktivt med at alle barna får oppleve å høyre til i fellesskapet. Alle barna skal få like muligheter til å delta i alle aktivitetar i barnehagen.

Berekraftig utvikling:

Barnehagen skal vere ein stad som fremjar omsorg for verden me lever i både her og nå, og i framtida. Barna skal oppleve verdien av å ta vare på seg sjølv, andre og naturen. Barnehagen skal legge grunnlaget for barns evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal oppleve naturen og bli kjent med dei variasjonar som er. Dei skal oppleve tilhøyrse til naturen slik at dei får erfaringar som gjer at dei vil take vare på naturen rundt seg.

Livsmeistring og helse:

"Å utvikle ferdigheter og tilegne seg praktisk kunnskap som hjelper den enkelte til å håndtere medgang, motgang, personlige utfordringer, alvorlige hendelser, endringer og konflikter på en best mulig måte. Å skape en trygghet og tro på egne evner til å mestre også i fremtiden." (Prebensen & Hegestad, LNU, 2017)

Me skal gje barna eit trygt og utfordrande miljø der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Me vil ruste barna til å takle det som møter dei i livet. Barna vil få støtte i å mestre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine følelsar. Barna lærer seg til å sei ifrå om dei ser andre blir erta, eller sjølv blir mobba. Måltid og matlaging i barnehagen gjev barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevaner. Våre måltid er i samsvar med Helsedirektoratets retningslinjer for mat og måltider i barnehagen. Barnehagen er en arena for daglig fysisk aktivitet og fremje barna si glede av å bevege seg og barna si motoriske utvikling gjennom leik og planlagde turar i variert terreng. Vi legger til rette for barnas motoriske leik.

«Gjennom den daglige og nære kontakten med barna er barnehagen i en sentral posisjon til å kunne observere og motta informasjon om barnas omsorgs- og livssituasjon. Personalet har et bevisst forhold til at barn kan være utsatt for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep, og vite hvordan dette kan forebygges og oppdages. Personalet kjenner til opplysningsplikten til barnevernet, jf. barnehageloven § 22.» (Rammeplanen side 11)

Respekt for menneskeverdet – Sjå andre og bli sett.

Åndsfridom – Rett til å være den du er.

Nestekjærleik – Gjer det lille ekstra for andre med handling og/eller med ord.

Tilgiving – Det er menneskeleg å feile, be om tilgiving, godta unnskyldninga og gå vidare.

Likeverd – Me er alle like mykje verd.

Solidaritet – Vise omtanke og støtte andre og kvarandre

Det går fram av barnehagelova §1 at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og er forankra i menneskerettane

Fagleg ansvarleg for årsplanen ved styrar: Torgeir Helle

Årsplanen vart fastsett i barnehagen sitt samarbeidsutval:27.06.24

Barnehagens formål og innhald

Frå forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, kapittel 3, side 19-25.

Å ivareta barns behov for omsorg	Slik gjer vi det i barnehagen
<ul style="list-style-type: none"> Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. 	<ul style="list-style-type: none"> Tilsette i barnehagen behandlar barna med anerkjennelse og forståing i det daglege. Barnehagen skal tilby eit trygt og godt barnehagemiljø og vere ei trygg hamn. Barnehagen deler inn i mindre grupper og tilrettelegg for at alle barn skal utvikle vennskap og gode relasjonar.

Å ivareta barns behov for leik	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> leiken ha ein sentral plass eigenverdien til leiken anerkjennast det vere gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur leiken vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. 	<ul style="list-style-type: none"> Barnehagen tilrettelegg for eit attraktivt og inspirerende leikemiljø. Barna skal få rom til å utforske og utprøve leiken på eigne premisser. Barna skal få rom til å leike med kvarandre og dei vaksne skal også delta i leiken på barnas premisser.

	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen bruker leiken også i lærande situasjonar.
<p>Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne • bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. 	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal passe på at alle barn har nokon å leike med. • Barnehagen skal tilpasse kvardagen slik at barna får rom og tid til å leike på eget initiativ.

Fremje danning	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda • bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske felleskap • fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp • bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for felleskapet • bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen • la barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald 	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal bidra og legge til rette for at barna kan undre seg i kvardagen. • Barnehagen skal bidra til at barn får sjølvtilitt nok til å take sin plass i barnehagen som ein demokratisk intuisjon. • Barnehagen skal inkludere barna i planlegginga av aktivitetar. • Barnehagen skal heie på at barna har eigne tankar og meiningar. • Barnehagen skal ha grensar for kva som er greit og ikkje, dette skal bidra til å danne eit felles verdigrunnlag. • Barnehagen skal bidra til at barna set pris på dei rundt seg og ønsker dei godt. • Barna skal få rom til å reflektere og samtale rundt ulike tema.

Fremje læring	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre • barna bli introdusert for nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling • nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane • barna få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt • barna få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine 	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal tilrettelegge for eit lærande miljø. • Barna skal bli presentert og få førstehandserfaringar med ulike tema, fenomen, materiale og reiskapar. • Barnehagen skal legge til rette for at barna opplever lærings situasjonar som inspirerande og lystbetont. • Barnehagen legger til rette for at barna kan utforske og oppdage ting på eige initiativ.

Fremje vennskap og fellesskap	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet • alle barn vere i positivt samspel med andre barn og vaksne • sjølvkjensla til barna støttast, samtidig som dei får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov 	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen bruker grupper til å organisere kvardagen • Tilsette er både aktiv deltakarar og observatører i leiken til barna • De vaksne er ein trygg base og støtte i etableringa av nye relasjonar og inkludering • Dei vaksne har ein anerkjennande framtoning som bidreg til å støtte barnas utvikling
<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. 	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen etablerer eit godt miljø for utvikling og utfolding • Barnehagen fasiliterer og bidreg til å støtte vennskap og relasjonar • Barnehagen bidreg til at barna opplever at dei er ein del av eit fellesskap, der alle er viktige

Fremje kommunikasjon og språk	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • barna gjennom dialog og samspel støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining • barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk verdsetjast og anerkjennast • alle barn få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen • alle barn få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling. 	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen etablerer eit godt språkmiljø • Høgtlesing, songar, rim og regler. • Vere tilstade i den gode samtalen. • Setje ord på situasjonar, støtte barna i konflikhtar og setje ord på kjensler. • Bruke språket aktivt i lag med barna, setje ord på det me ser og det me gjer. • Tilføre nye omgrep og gi det eit innhald

	<ul style="list-style-type: none">• Fange opp, og støtte dei som har ulike språkvanskar
--	---

Barns medverknad	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • barna sin rett til medverknad sikrast • barna bli oppmuntra til å gi uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda til barnehagen • barna jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda • alle barna kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen • ein vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og mognad • barna ikkje få meir ansvar enn det dei er rusta til å ta 	<ul style="list-style-type: none"> • Høgtlesing, songar, rim og regler. • Setje ord på situasjonar, støtte barnet i konflikhtar og setje ord på kjensler. • Bruke språket aktivt i lag med barna, me set ord på det me ser og det me gjer. • Tilfører nye omgrep og gjeve det eit innhald. • Fange opp, observere og støtte dei som har ulike språkvanskar. • Vere tilstade i den gode samtalen

Samarbeid mellom heimen og barnehagen	Slik gjer vi det i barnehagen
<p>Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1 og forskrift om rammeplan for barnehagen kap. 5 (side 29-30)</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Møte og sei hei når barn og foreldre kjem om morgonen. • Informere om det pedagogiske arbeidet gjennom årsplan, månadsbrev og foreldremøte. • Foreldresamtalar òi gong i halvåret. • Oppstartssamtalar for nye barn, i løpet av 2 veker etter at barnet har starta. • Gjensidig informasjon i levere- og hentesituasjon for barnets beste • Gjerne ekstra samtalar der det er behov.

Overganger	Tiltak – slik gjer vi det i barnehagen
<p>Når barnet begynner i barnehagen Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god oppstart i barnehagen • tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn • personalet sørgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsløse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære. 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjeve god informasjon tidleg. • Avtale tid for tilvenning og besøksdagar. • Barnet blir først kjend med sin tilknytningsperson i lag med ein av foreldra. • Tilvenningsperioden er vanlegvis 3-5 dagar, men kan bli forlenga ved behov. • Foreldra informerer om barnet, soverutinar m.m. og leverer helseskjema ved oppstart. • Besøke barnehagen fleire gonger før oppstart.
<p>Overganger i barnehagen I barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • personalet sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personalet når eit barn byter barnegruppe. 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna besøker avdelingane dei skal begynne på. • Barna blir kjend med nye barn og tilsette • Personalet sørgar for at barna er trygge på vaksne og barn dei skal vere på avdeling med • Det foregår eit samarbeid mellom barnehage og foreldre om korleis • Samtale mellom personalet på dei ulike avdelingane for å sikre at overgangen blir god for barnet • Foreldresamtale etter nokre veker mellom foreldre og personal på ny avdeling
<p>Overgangen mellom barnehage og skule Barnehagen skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. • ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. • gi dei eldste barna høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samheng mellom barnehagen og skulen. • leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. • bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte 	<ul style="list-style-type: none"> • Eigen plan for overgangen utarbeidd i eit samarbeid mellom barnehage og skule • Prøveskule der skulen har ansvar, her får barne erfaring med korleis ein skuledag foregår • Skulebesøk for å bli kjend med skuleområdet • Førskulegrupper der lekbasert læring er eit utgangspunkt for det pedagogiske opplegget • Avslutningsfest og avslutningstur • Overgangsamtalar mellom skule og barnehage • Tett samarbeid mellom skule og barnehage gjennom heile det siste året av barnehagen

skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner	
<ul style="list-style-type: none">• la barna bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.	

Frå rammeplanen kapittel 6. Overgangar (side 33-34)

Arbeidsmåtane til barnehagen og progresjon	Tiltaka våre – slik gjer vi det i barnehagen
<p>Arbeidsmåtane til barnehagen</p> <ul style="list-style-type: none"> • skal ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. • Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. 	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeid i grupper i ulike størrelsar tilpassa behovet i barnegruppa • Skape trygge og gode relasjonar • Barnehagen ser kvart enkelt barns behov og sikrar at ein er lydhør for barnas behov og følelsar • Barnehagen legg til rette for varierte leikemoglegheitar i ulike miljø med ulike materiale • Planlegge aktivitetar som fremjar kreativitet, utforsking og nysgjerrigheit • Varierer mellom ulike pedagogiske tilnærmingar som leikbasert læring, prosjektarbeid og temarbeid • Planlegge eit pedagogisk opplegg som tek utgangspunkt i barnas egne meiningar, tankar og perspektiv.
<p>Progresjon i barnehagen inneber at</p> <ul style="list-style-type: none"> • alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang • alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet • barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. • barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. • barna skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine. 	<ul style="list-style-type: none"> • Observerer barnegruppa og tilpasse planlegging etter barnegruppas behov • Barnehagen endrar opplegget etter progresjonen i barnegruppa • Barna skal oppleve meistring men også bli utfordra for å sikre moglegheitene for utvikling • Ta utgangspunkt i der barnet er og tilrettelegg for vidare utvikling

Progresjon i arbeid med omsorg, leik, danning, læring, digitale praksis og fagområda

Progresjonsplanen viser korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring, digital praksis og dei sju fagområda, slik det står i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. «Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet til barnehagen.»

Område	Praksisen til barnehagen - slik gjer vi det:
Omsorg	<ul style="list-style-type: none"> • Sunn og næringsrik mat tilpassa barna sin alder, rutinar for kviletid med trygge og komfortable soveplassar, regelmessig bleieskift, handvask og generelt reinhald. • Skape eit trygt og omsorgsfullt miljø med stabile relasjonar mellom tilsette og barn, og vere tilgjengeleg for å trøyste og støtte barna når dei treng det. • Leggje til rette for samhandling mellom barna gjennom leik og aktivitetar, samt lære barna å dele, vente på tur og løyse konflikhtar positivt. • Tilby alderspassande leikar og aktivitetar som fremjar utviklinga til barna, ha faste rutinar som gir forutsigbarheit og tryggleik, men også tilpassing til individuelle behov, og observere kvart barn og tilpasse omsorga etter behov. • God kommunikasjon med foreldra om daglege aktivitetar og utvikling, samt involvere foreldra i barnas kvardag i barnehagen • Vise openheit, varme og interesser for kvart enkelt barn • Skape trygghet, tilhørigheit og trivsel for alle barn i barnehagen • Skape ein progresjonsplan som synleggjer korleis barnehagen arbeidar med omsorg i det daglege • Vise barna tillit slik at dei opplever anerkjening og føler seg sett • Barnehagen må skape eit inkluderande felleskap der det er plass til alle
Leik	<ul style="list-style-type: none"> • Tilby alderspassande leikar og aktivitetar som fremjar både fysisk, kognitiv og sosial utvikling. Leik som stimulerer grovmotorikk, som klatring, springing og ballspel, og finmotorikk, som puslespel, byggjeklossar og teikning. • Skape eit trygt og stimulerande miljø der barna kan utforske og lære gjennom leik. Fremje rolleleik som gir barna moglegheit til å imitere og eksperimentere med ulike roller og situasjonar, samt sosiale leik som fremjar samhandling og kommunikasjon mellom barna. • Leggje til rette for frileik der barna kan bruke fantasien og vere kreative, og styrte aktivitetar som gir struktur og rettleiing. • Observere barna i leiken for å forstå deira interesser og behov, og tilpasse leikemiljøet etter dette. Skape eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leiken, uavhengig av deira utviklingsnivå og ferdigheiter. • Sette av tid til leik slik at barna kan utfolde seg og følge egne leikeimpulsar • Tilretteleggje for at barna kan bruke eigen nysgjerrigheit og kreativitet til å utforske leiken • Tilretteleggje for rolleleik der barna kan utforske og utvikle sin sosiale kompetanse • Personalet må variere mellom aktiv og passiv deltaking i leiken og fungere støttande i leikens framgong • Personalet må la barna utforske sosiale ferdigheiter i leiken som turtaking, deling og ulike typar leik • Barnehagen må ta vare på leikens eigenverdi
Danning	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen arbeidar med danning gjennom ulike aktivitetar i barnehagekvardagen • Barnehagen må tilretteleggje for at barna får ein positiv sjølvforståing og sjølvbilde • Barnehagen skal anerkjenne, legg merke til og følge opp barnas perspektiv og handlingar • Personalet skal bidra til at barna blir kjend med seg sjølv • Barnehagen legg til rette for at barna kan ytre motstand og egne tankar • Barnehagen bidreg til å barna får rom til å vere nysgjerrige, reflekterande og kunnskapssøkjande • Barnehagen skal støtte barna i møte med normar og reglar • Barnehagen skal synleggjere viktighetene og styrkane med mangfald.
Læring	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal sikre at alle barn får delta i eit positiv læringsmiljø der dei opplever meistring, motstand og utvikling • Barnehagen skal sikre at alle barn får deltake i eigen og andres læring • Barnehagen må sikre at barnas medverking bidreg til å tilpasse læringa • Personalet skal fungere som "støttande stillas" for barna i læringsprosessane • Personalet skal sikre at læringa i barnehagen er lystbetont og tilpassa kvart enkel barnegruppe • Barnehagen skal sikre at barna får brukt heile kroppen og alle sansane sine i læringsprosessar

- | | |
|--|---|
| | <ul style="list-style-type: none">• Barnehagen må sikre at barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær anerkjennast |
|--|---|

Fagområde	Praksisen til barnehagen – slik gjer vi det:
Kommunikasjon, språk og tekst	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av sang, rim og regler i arbeide med språkutvikling • Bidra til at barna leiker med språk, symbol og tekstar • Lage aktivitetar som stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling • Bruke eventyr, bøker og tekst til å styrkje barnas språklege utvikling • Bruke høgtlesing som eit verkemiddel for å skape interesse for historieforteljing og tekstformidling • Sikre progresjon som følger alderen og nivået som barna er på • Sikre at barna møter eit mangfold av ulike tekstar, songar, historiar OL. • Bruke språket aktivt i kvardagen og i leik • Arbeidet med ordforråd, språkforståing og uttale
Kropp, rørsle, mat og helse	<ul style="list-style-type: none"> • Matnyttigprosjekt, der lokale matvarer er i fokus. Barna er med å lage, samt smake og utføre enkle kjøkkenoppgåver. • Barna skal bli introdusert for tradisjonsmat' • Bruke uteområdet og nærområdet til barnehagen. • Varierte sanseopplevingar. • Øve på kroppskontroll, varierte rørsleerfaringar ute og inne. • Tilrettelegge for individuelle behov innan soving, kvile og aktivitet • Sikre at barna inkluderast i aktivitetar der dei kan vere i bevegelse, leik og sosial samhandling • Sikre at barna opplever meistring og motivasjon utifrå eigne forutsetningar • Sikre at barna opplev progresjon i måltid, påkleding og toalettsituasjonar. • Tilrettelegge for at barna skal oppleve glede og meistring rundt ulike aktivitetar som inneberer bevegelse.
Kunst, kultur og kreativitet	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen bidreg til at barna får erfaringar med ulike ting, rom og materialer. • Barna skal få rom til å utforske og følge eigne kreative tankar • Barna skal få moglegheita til å bruke ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi. • Barna skal få eit møte med lokal tradisjonskultur og barnekultur

	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal bidra til å vidareføre lokale og tradisjonelle songar, uttrykk og kunstar • Dramatisering av ulike historiar • Personalet skal vere lydhøyre og anerkjennande i møte med barnas kulturelle uttrykk
Natur, miljø og teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal bidra til at barna får eit mangfald av naturopplevingar og synleggjer naturen som ein arena for leik og læring • Barnehagen skal bidra til at barna får positive opplevingar knytta til natur • Barna skal få kjennskap til dyr og dyreliv • Barna skal få kjennskap til berekraftig utvikling og få kjennskap til korleis ein kan ta vare på naturen • Barnehagen må tilrettelegge for at barna skal få utforske og eksperimentere i naturen og med teknologi • Barnehagen får deltake og undre seg over ulike eksperiment • Barne skal få rom til å erfare og bli kjend med naturen på eget initiativ • Barna skal få rom til å vere ute i alle typar vær og vind å få kjennskap til korleis ein kan kle seg etter ulikt vær
Mengd, rom og form	<ul style="list-style-type: none"> • Barna får erfaring med og får moglegheiter til å undre seg over ulike matematiske samanhengar. • Barnehagen tilrettelegg for at barna skal få leike med og eksperimentere med tall, mengder og telling. • Barna får moglegheit til å gjere seg kjend med romforståing med bruk av eigen kropp • Bruke lekbasert læring til å gjere seg kjend med ulike element innanfor tal og teljing, geometri, størrelse, måling, vekt, høgd og volum. • Bruke spel som ein aktivitet for å utvikle seg innanfor fagområdet
Etikk, religion og filosofi	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til at barna får ein interesse for samfunnets mangfald og forståing for andre menneske sine levemåtar og livssyn • Barnehagen skal bidra til at barna utviklar kritisk tenking og dømekraft • Barnehagen skal bidra til at barna får kjennskap til ulike verdiar knytta til religion og/eller livssyn • Barnehagen skal tilrettelegge for at barna skal få moglegheiten til å forstå og reflektere over ulike normer og verdiar • Skape interesse og respekt for kvarandres ulikeheit og verdiar

	<ul style="list-style-type: none"> • Lære om og forstå ulike høgtidar • Barna skal ved hjelp av støtte frå personalet lære seg om respekt for andre, normar og reglar • Barna skal få støtte i utviklinga av empati og kjennskap til egne kjensler
Nærmiljø og samfunn	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal bli kjend med og utforske nærmiljøet • Barnehagen skal ta i bruk og synleggjere nærmiljøet i det pedagogisk opplegget • Barnehagen skal bidra til at barna blir kjend med lokalhistorie og lokale tradisjonar • Barna skal introduserast og få kjennskap til nasjonale minoritetar • Barna skal få kjennskap til kva det vil sei å vere ein del av eit fellesskap • Personalet skal gje barna dei same moglegheitene til å fremje likestilling og motverke diskriminering, fordommar, stereotyper og rasisme • Barna skal begynnande kjennskap til menneskerettigheter og barnekonvensjonen

Barnehagen som pedagogisk verksemd - Planlegging, vurdering og dokumentasjon

Område	Barnehagen skal	Slik gjer vi det i barnehagen
Planlegging	Gjennom planlegging synleggjere korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av barnehagen.	Arbeid med årsplan Arbeide med temaplan og realisering av årsprosjekt. Månedsbrev og dagbok i visma synleggjer arbeidet barnehagen utfører.
	Basere planlegginga på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.	Ta utgangspunkt i barnegruppas medvirkning i planlegging av pedagogisk opplegg. Ha eit godt foreldresamarbeid i kvardagen, bruke su aktivt og arbeide med foreldreundersøkelsen
Vurdering	Regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet	Reflektere og gjere egen praksis til gjenstand for refleksjon. Pedagogisk arbeid er en dynamisk prosess som må justerast fortløpande.
Dokumentasjon	Dokumentere korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjonen skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.	Synleggjere arbeidet som blir gjort. Bruke dokumentasjon til å vise korleis ein har implementert ulike styringsdokument i planlegginga av pedagogisk aktivitet. Visma brukas til å synleggjere arbeidet for foreldra.

Kalendar

Kalendar Oversikt over viktige aktiviteter og kulturhendinger i barnehagen dette året	
Dato	Innhold
12 & 13 August	Planleggingsdagar
15 August	Oppstart nytt barnehage år
18. Oktober	Planleggingsdag
2. Januar	Planleggingsdag
30. Mai	Planleggingsdag
Veke 38	Brannvern veke
13. Desember	Lucia
April	Påskefrukost
September	Foreldremøte
Juni	Foreldremøte nye barn
Juni	Foreldrekafe



Setesdal regionråd



Bykle kommune

Sarvsvegen 14
4754 Bykle
T: 37 93 85 00



Valle kommune

Kjellebergsvegen 1, Postboks 4,
4747 Valle
T: 37 93 75 00



Bygland kommune

Sentrum 18
4745 Bygland
T: 37 93 47 00



Evje og Hornnes kommune

Kasernevegen 19
4735 Evje
T: 37 93 23 00



Åseral kommune

Gardsvegen 65
4540 Åseral
T: 38 28 58 00